

---

**Fra:** fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
**Sendt:** fredag 2. mars 2018 12.13  
**Til:** firmapost-vest@vegvesen.no  
**Kopi:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Uttale - Oppstartsmelding - Lindås - E-39 - Mundalsberget  
Bomstasjon - Detaljregulering

## **Lindås kommune - Detaljregulering E39 Mundalsberget bomstasjon - uttale til oppstart av reguleringsplan**

Dykker referanse: 18/19778

Vi viser til dykker brev av 02.02.2018 med melding om oppstart av planarbeid.

Formålet med planarbeidet er setje opp bomstasjon på E39, aust for Mundalsbergtunnelen.

Planen vil omfatte bomstasjon med tilhøyrande parkering og tilkomst for vedlikehald.

Fylkesmannen legg til grunn at kommunen gjer ei grundig vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Er planforslaget ikkje i samsvar med arealdelen av kommuneplanen, må kommunen vurdere planarbeidet etter forskrift om konsekvensutgreiing av planar.

Fylkesmannen minner om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (tbl) § 6-2 andre ledd. Fylkesmannen ser ikkje at meldinga om oppstart er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken.  
Fylkesmannen vil likevel kome med følgjande innspel til meldinga om oppstart:

### ROS-analyse

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. tbl § 3-1 bokstav h. Pbl § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK10) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at akseptkriteria må vera minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegene.

### Folkehelse

Det er ei forventning i folkehelselova om at kommunane skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremme helse i befolkninga og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidningar. Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf.tbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal

vere helsefremmende gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging.

Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. pbl § 3-1 bokstav e og regional plan for folkehelse 2014-2025.

### Strandsona

I Hordaland er det særleg kommunane Askøy, Fjell, Bergen, Lindås, Meland, Os, Sund og Øygarden som er vurderte til å ha stort press på areal. I desse kommunane skal byggeforbodet i pbl § 1-8 praktiserast strengt.

Fylkesmannen viser til statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona av 25.03.2011, der det m.a. kjem fram at:

*Bygging og landskapsinngrep skal unngås på arealer som har betydning for andre formål, som for eksempel friluftsliv, naturvern, naturmangfold, kulturminner, kulturmiljø, landskap, landbruk, fiskerinæring, havbruk og annen samfunnsmessig betydning. Ved utarbeiding av reguleringsplaner som innebærer bygging i strandsonen på arealer som er delvis utbygd, skal ferdselshensyn og landskapstilpasning spesielt vektlegges.*

### Naturmangfold

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

### Medverknad

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

På nettsida [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) kan ein hente nyttige tips til planlegging.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Fylkesmannen gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med venleg helsing

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland  
kommunal- og samfunnsplanavdelinga

tlf: 55 57 23 52

[www.fylkesmannen.no/Hordaland](http://www.fylkesmannen.no/Hordaland)

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)

[Send melding til Fylkesmannen](#)